



Valdansvarlege

Vår ref.
23/216-11

Dykkar ref. Sakshandsamar
Knut Fredrik Øi

Direktenr

Arkiv
K2-K40

Dato:
21.06.2023

| |
|--------------------------------|
| Delegert administrativt |
| Formannskapet |

Vedtak - Tildeling av fellingsløyve for hjort, elg og rådyr - Årdal 2023

Kort samandrag:

Bestandsplan for hjort i perioden 2022-24 vart vedteke våren 2022. Denne ligg til grunn for løyvetildelinga for hjort, elg og rådyr. Grunna trong for reduksjon i hjorteviltbestandane kring Nordfjella og Hardangervidda, er siktemålet ein reduksjon i hjortestamma.

Vedtak:

Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* tildeler Årdal kommune følgjande fellingsløyve i 2023:

- 296 fellingsløyve på hjort
- 29 fellingsløyve på rådyr
- 14 fellingsløyve på elg

Årdal kommune nyttar § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvik minstearealet for tildeling av fellingsløyve på hjort og rådyr. For rådyr er avviket 50% for alle valda. For hjort er avviket ulikt, jamfør den godkjende bestandsplanen for hjort. Med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* §16 tillet Årdal kommune at alle valda som er medlem i Årdal bestandsplanområde for hjort, kan nytta alle tildelte fellingsløyve i planperioden uavhengig av år.

Vedlegg:

Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Årdal 2023

Løyvetildeling Årdal 2023 - hjort

Løyvetildeling Årdal 2023 - elg

Løyvetildeling Årdal 2023- rådyr

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Saksutgreiing

Som eit smitteførebyggjande tiltak mot CWD, har Miljødirektoratet og Mattilsynet anbefalt låg bestandstettleik i områda kring Nordfjella og Hardangervidda. Bestandsplan for hjortevilt i



Årdal kommune i perioden 2022-24 var godkjent våren 2022. Denne beskriver korleis tildeling og felling skal vera av hjort, rådyr og elg.

Økonomiske konsekvensar

Ikkje relevant.

Vurdering

I all hovudsak ligg vurderingane om kvoter og fellingsmål grundig vurdert i saka om bestandsplan (FS 058/22). Det vert vist til justert bestandsplan for detaljar om fordeling (journalpost 22/197-14). For å tildela fellingsløyve for hjort og rådyr etter vedteke bestandsplan, lyt Årdal kommune nytta § 7 i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* og avvika minstearealet. For rådyr er avviket 50% for alle valda. For hjort er avviket ulikt, jamfør den godkjende bestandsplanen for hjort. For elg er tildelinga etter gjeldande minsteareal. Oversikt over fordeling av kvote til dei ulike valda ligg som vedlegg i saka. Eige infoskriv om jakta og ordningar ligg også som vedlegg i saka

Kommunedirektøren tilrår følgjande kvote for Årdal kommune i 2023:

- 296 fellingsløyve på hjort
- 14 fellingsløyve på elg
- 29 fellingsløyve på rådyr

Med helsing

Magnhild Aspevik
landbrukssjef

Knut Fredrik Øi
Sakshandsamar Felles Landsbrukskontor
ÅLA

Vedlegg:

Informasjon om hjort-, elg- og rådyrjakta i Årdal 2023
Løyvetildeling Årdal 2023 - hjort
Løyvetildeling Årdal 2023 - elg
Løyvetildeling Årdal 2023- rådyr